



**Hardangerrådet iks**



Hardanger

## **MØTEBOK**

### **Rådsmøte i Hardangerrådet iks**

**Dato: Torsdag 07.05.2015**

**Klokka 09.00 – 15.00**

**Stad: Hardangerakademiet i Jondal**

Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit  
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum  
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard – Rådsvaraordfører/møteleiar  
Kvam herad: Ordfører Asbjørn Tolo  
Odda kommune: Varaordfører Elisabeth Wesenlund Hauge  
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge  
Rådmannsforum: Rådmann Ingrid Guddal  
Adminstrasjonen: Dagleg leiar Leiv Vambheim  
Forfall:  
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen

#### **Agenda:**

09.15 Presentasjon Hardanger 2014 ved AK Glück Teigland som orienterte om Sluttrapporten for prosjektet Hardanger 2014 og regnskapsresultatet. Prosjektleder fekk gode tilbakemeldingar på den omfattande jobben han hadde gjort i prosjektet og for Hardanger.

09.45 Hardangerrådsmøte - Sakshandsaming

11.00 Møte med Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland.

Frå FTU Hordaland møtet 8 deltakende. Leiar Gustav Bahu orienterte om oppgåver og handlingsplana for FTU og Statens Vegvesen orienterte om ulukkesstatistikken frå Politirapporten STRAKS i Indre Hordaland. Kommunane/herada orienterte så om dei kommunale Trafikksikringsplanane sine og om utfordringar i samband med lokalt og kommunalt trafikksikringsarbeid.

12.30 Lunsj

13.30 Hardangerrådsmøte - Sakshandsaminga heldt fram

14.30 Kommunestruktur – gjensidig orientering.

**Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste som så vart godkjent.**

**Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsvaraordfører:**

Elisabeth Wesenlund Hauge og Asbjørn Tolo.

#### **Saker teke opp ved møtestart:**

- Solfrid Borge om Bioforsk Ullensvang
- Solfrid Borge om Møte i Samferdselsutvalet. Ullensvang herad ønskjer støtte til utvida ferjetilbod vert teke opp under sak 22/15 med støtteuttale.
- Anved Johan Tveit spør om status for Muligheitsstudiet Hjeltnes vidaregåande skule. Dagleg leiar har fått stadfesta at det er sannsynleg handsaming i desember 2015.

#### **Saker til handsaming i Regionrådet:**

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

#### **Sak 17/15 Meldingar**

Det var slike merknader til meldingane:

#### **Vedtak:**

Melding 3: Revisjon av RTP Hordaland vert teke opp under sak 22/15.

## **Sak 18/15 Høyring av «Utredning om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet»**

Leiv Vambheim orienterte om utsende uttalar frå Eidfjord kommune og Kvam herad.

Leiv Vambheim orienterte om utsende uttalar frå Eidfjord kommune og Kvam herad.

Framlegg til uttale frå Anved Johan Tveit:

«Hardangerrådet iks støttar uttalen frå Hordaland Fylkeskommune til Aust Vest Utgreiinga.»

Framlegg til uttale frå Asbjørn Tolo:

«Hardangerrådet iks viser til uttalane frå dei 7 kommunane/herada i Hardanger og støttar uttalen frå Hordaland Fylkeskommune til Aust Vest Utgreiinga.»

Framlegg til uttale frå Jon Larsgard:

«Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 Hardangerkommunane/-herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Hardangerrådet iks er ikkje høyringsinstans, men tillet seg likevel å gje uttale til høyringsdokumentet «Utredning om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet» som ein regional konklusjon av dei kommunale uttalane frå eigarkommunane.

Hardangerrådet iks gjev med dette slik høyringsuttale:

- Hardangerrådet iks har forståing for konklusjonen i høyringsdokumentet «Utredning om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet» som tilrår to hovudveggar med fjellovergangar mellom Austlandet og Vestlandet, ein på sørsida av Hardangervidda og ein på nordsida.
- Hardangerrådet iks meiner at E134 Haukeli må prioriterast som det sørlige nasjonale hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet. Utgreiingane syner at dette alternativet har den desidert største netto nytten av alle vurderte alternativ.
- Hardangerrådet iks tilrår i tråd med anbefalingane til Statens vegvesen at det vert bygd ein diagonal frå E134 mot Bergen. Ein slik diagonal vil gje stor trafikk, betydeleg lågare reisetid og kunna gje store regionale effektar i fylket. Denne diagonalen vil gje netto samfunnsøkonomisk uttelling i milliardklassen.
- KVVU-arbeidet for aktuelle alternativ som er tilrådd for strekninga Jøsendal – Bergen må setjast i gang så snart som råd er.
- Hardangerrådet vil understreka behovet for ei vidare satsing på RV 7 over Hardangervidda, tydelegare enn utgreiingane tilrår. Omsynet til villreinen på Hardangervidda må i varetakast, og reiselivsnæringa sine behov for ein vintersikker veg for dei nasjonalt viktige reisemåla i Hallingdal og Hardanger må sikrast. Den pågåande KVVU for Rv 7 Hardangervidda må ta dette opp i seg og verta ferdigstilt snarleg. Den må leggjast til grunn for den vidare utviklinga av Rv 7 over Hardangervidda.
- Hardangerrådet iks vil også i denne saka på understreka verdien av at arbeidet med K5 for strekninga E 16 Voss-Bergen må fullførast, og at det i denne samanhengen vert utreidd tiltak på Fv 7 som avlastningsveg for E 16.»

Etter drøftingane la dagleg leiar fram følgjande framlegg:

«Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 Hardangerkommunane/-herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Hardangerrådet iks er ikkje høyringsinstans, men tillet seg likevel å gje uttale til høyringsdokumentet «Utredning om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet» som ein regional konklusjon av dei kommunale uttalane frå eigarkommunane.

Hardangerrådet iks gjev med dette slik høyringsuttale:

1. «Hardangerrådet iks viser til konklusjonen i høyringsdokumentet «Utredning om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet» som tilrår to hovudveggar med fjellovergangar mellom Austlandet og Vestlandet, ein på sørsida av Hardangervidda og ein på nordsida. Hardanger tilrår E 134 over Haukeli og Rv 7 over Hardangervidda.
2. Hardangerrådet iks tilrår, i tråd med anbefalingane frå Statens Vegvesen, at det vert bygd ein diagonal frå E134 mot Bergen. Ein slik diagonal vil gje stor trafikk, betydeleg lågare reisetid og kunna gje store nasjonale og regionale effektar. KVVU-arbeidet for dette alternativet må setjast i gang snarast.
3. Hardangerrådet iks vil også i denne saka på understreka verdien av at arbeidet med strekninga E 16 Voss-Bergen må fullførast, og at det i denne samanhengen vert utreidd tiltak på Fv 7 som avlastningsveg for E 16.»

Det vart ikkje stemt over framlegga frå Anved Johan Tveit, Asbjørn Tolo og Jon Larsgard, og nytt framlegg frå dagleg leiar vart samrøystes vedteke. Etter dette føreligg slikt:

**Vedtak:**

«Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 Hardangerkommunane/-herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Hardangerrådet iks er ikkje høyringsinstans, men tillet seg likevel å gje uttale til høyringsdokumentet «Utredning om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet» som ein regional konklusjon av kommunale uttalane frå eigarkommunane.

1. Hardangerrådet iks viser til konklusjonen i høyringsdokumentet «Utredning om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet» som tilrår to hovudveggar med fjellovergangar mellom Austlandet og Vestlandet, ein på sørsida av Hardangervidda og ein på nordsida. Hardanger tilrår E 134 over Haukeli og Rv 7 over Hardangervidda.
2. Hardangerrådet iks tilrår, i tråd med anbefalingane frå Statens Vegvesen, at det vert bygd ein diagonal frå E134 mot Bergen. Ein slik diagonal vil gje stor trafikk, betydeleg lågare reisetid og kunna gje store nasjonale og regionale effektar. KVVU-arbeidet for dette alternativet må setjast i gang snarast.
3. Hardangerrådet iks vil også i denne saka på understreka verdien av at arbeidet med strekinga E 16 Voss-Bergen må fullførast, og at det i denne samanhengen vert uttreidd tiltak på Fv 7 som avlastningsveg for E 16.

**Sak 19/15 Arealguiden.no – Regionalt prosjekt i Hardanger.****Vedtak:**

Hardangerrådet iks søker Greater Stavanger om partnerskap i nettportalen Næringsarealguiden for dei 7 Hardangerkommunane og Kvinnherad kommune. Hardangerrådet iks koordinerer og administrerer Hardangerregionen sin aktivitet på nettsida. Midlane til årleg kontingent til Greater Stavanger for deltaking i nettportalen vert betalte av Hardangerrådet iks som del av det årlege kommunale tilskotet.

**Sak 20/15 Hardanger 2014 - Godkjenning av Sluttrapport med rekneskap.****Vedtak:**

Hardangerrådet iks godkjenner med dette Sluttrapport for prosjektet Hardanger 2014 med rekneskap. Hardangerrådet iks godkjenner at slagord «Eg er ein Harding» med tilhøyrande portefølgje vert overteke av Bygdagnist i prosjektet «Hardanger Åtgaum».

**Sak 21/15 Japan Hardanger Club – Støtte til Masterstudentar.**

Leiv Vambheim orienterte om at det kan vera aktuelt med 2 elevar frå Hardanger Fiddle institute i Tokyo og tilrådde støtte endra sum inntil 40.000 kr.

**Vedtak:**

Hardangerrådet iks løyver inntil 40.000 kr som tilbod til støtte til to elevar til Masterclass Hardanger i 2015 Hardanger Fiddle Institut i Tokyo ved Rio Yamase frå Hardanger Fiddle Institut Tokyo.

Midlane vert løyvde frå Aktivitetskontoen i Hardangerrådet iks for 2015.

**Sak 22/15 Orienterings og drøftingssaker****Vedtak:**

- Oppdrettsaktørar i regionen kan få møta i Hardangerrådet for å orientera om framtidstankar på eit møte hausten 2015.
- Til å representera Hardangerrådet iks i administrativ prosjektgruppe ved Revisjon av RTP Hordaland vert dagleg leiar vald.
- Hardangerrådet iks støttar Ullensvang herad sin uttale om ny struktur for Ferjesambandet Kinsarvik-Utne-Kvanndal.
- Hardangerrådet iks ber Bioforsk om å koma å orientera om planar for framtida for satsinga i Hardanger den 18.06.2015.

**Kommunestruktur i Hardanger:**

- Prosjekta nord og sør orienterte kvarandre om status i prosessen.
- Kommunane orienterte om andre initiativ til utgreiingsarbeid.
- Det vart arbeidd med ei felles samling for alle kommunerepresentanane i dei 7 Hardangerkommunane/herada den 22. juni 2015 på ettermiddag-/kveldstid i EIDFJORD. Her vil sluttrapportane på dei tre utgreiingane som pågår bli presentert.

**Møteboka godkjent 07.05.2015.**

Jon Larsgard  
Rådsvaraordførar

Elisabeth Wesenlund Hauge  
Rådsmedlem

Asbjørn Tolo  
Rådsmedlem